

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Valle og Hylestad Sokneråd tirsdag 03. september 2024

Navn	Signert med	Tidspunkt
Kristine Kleiveland	BankID OIDC	2024-09-06 14:05:07
Liv Gunn Viki	BankID OIDC	2024-09-06 18:04:02



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 03.09.2024, 15:30

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2024-11

Til stades: Gudrun Sagneskar (Leiar), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Margit Homme (Varamedlem), Torstein Bjørgum (Nestleiar)

Forfall: Arne Tronsen (Medlem), Knut Hagen ()

Protokollfører: Toralv Frøysaa Lie

margit

Sakslista

Møtesaker

037/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

038/24 Komplettering av FR-sak 29/24 Utlysing av kyrkjefeststilling.

039/24 Sak unnateke offentleggjering - personal

040/24 Framstilling av, og forbøn for Prostiprest Kristian Mosvold på gudstenesta 8. september kl. 16 i Valle kyrkje

041/24 Klokkar og kyrkjetenar i Valle og Hylestad kyrkje - vegen vidare

042/24 Økonomiske disposisjonar og budsjettarbeid mot kommunen

Orienteringssaker

00001 Oppdatering på stab

00002 Tilsetting av organist

00003 Økonomisk rapport pr medio august 2024

00004 Tilsettingsreglement for Valle og Hylestad Fellesråd

00005 Verneplan for gravminna i Valle og Hylestad - arbeidet er i gang

00006 Oppfølging av minnelunden

00007 Gravferdsreglement

00008 Grunnmur kyrkjene i Valle og Hylestad, samt kyrkjegardsmur i Valle - kurs planlagt til våren

00043 Ekstra orienteringssak som kom inn rett før møtet.

Medlem

Medlem

037/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	037/24

Forslag til vedtak

Møtebehandling

Sak nr 39 vart flutt til siste sak.

Vedtak

Innkalling og sakslite vart godkjent

038/24 Komplettering av FR-sak 29/24 Utlysing av kyrkjefestilling.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	038/24

Forslag til vedtak

Medlemene som var med i fellesrådet 7. mai stadfester at AU fekk fullmakt til å gjennomføre rekrutteringsprosessen av kyrkjevevje.

Møtebehandling

Kyrkjevevje gjekk ut under handsaming av denne saka.

Vedtak

Medlemene som var med i fellesrådet 7. mai stadfester at AU fekk fullmakt til å gjennomføre rekrutteringsprosessen av kyrkjevevje.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst. Den som røysta imot var Knut Olav Uppstad

039/24 Sak unnateke offentleggjering - personal

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	039/24

Forslag til vedtak

Møtebehandling

God samtale der me kom fram til samrøystes vedtak.

Vedtak

Vedtak i sak blir lagt i arkivet. Signert av to representantar i møte.

040/24 Framstilling av, og forbøn for Prostiprest Kristian Mosvold på gudstenesta 8. september kl. 16 i Valle kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	040/24

Forslag til vedtak

Gudrun Sagnestar stiller på gudtenesta i Hylestad kyrkje søndag 8. september og er med på presentasjon av og forbøn for Kristian Mosvold som skal gjere teneste som prest i Valle og Bykle sokn i ei 60% stilling framover.

Møtebehandling

Det står at gudstenesta er i Valle kyrkje. Den skal vere i Hylestad kyrkje.

Vedtak

Gudrun Sagneskar stiller på gudtenesta i Hylestad kyrkje søndag 8. september og er med på presentasjon av, og forbøn for Kristian Mosvold som skal gjere teneste som prest i Valle og Bykle sokn i ei 60% stilling framover.

I saksframstilling står det at gudstenesta er i Valle kyrkje. Den skal vere i Hylestad kyrkje.

041/24 Klokkar og kyrkjetenar i Valle og Hylestad kyrkje - vegen vidare

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	041/24

Forslag til vedtak

Møtebehandling

Vedtak

Kyrkjeverja får fullmakt frå Fellesrådet til å utarbeide, lyse ut og innstille søkjarar til klokkar / kyrkjetenar stillinga. Tilsetting skjer i AU.

Ein opnar for å finne fleksible løysingar for å auke interessa for stillinga. Førebels opnar ein for å bruke tilkallingsvikarar.

Kyrkjeverja finn ei tid saman med Gunveig Kaarvann for å markere avslutning av tenesta hennar i kyrkja.

Samrøystes vedteke.

042/24 Økonomiske disposisjonar og budsjettarbeid mot kommunen

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	03.09.2024	042/24

Forslag til vedtak

Møtebehandling

Vedtak

Administrasjonen held tett kontakt med kommunens administrasjon og folkevalde, og spelar inn dette i budsjettarbeidet:

- Overføringa frå kommunen har stått stille i fleire år. Prisstigning på varer og tenester har auka.
- Soknerådet / Fellesrådet har i den siste perioden gjennomført eit større prosjekt - Trefelling på Hylestad kyrkjegard.

Me held og på med prosjekt som:

- Minnelund / urnelund
- Verneplan for dei 5 kyrkjegardane i kommunen
- Reparasjon av grunnmurane, Valle og Hylestad kyrkje
- Reparasjon og vedlikehald av kyrkjegardsmuren rundt Valle kyrkje
- Enøktiltak med varmestyring i begge kyrkjene
- Lønsmidlar

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00001

00001 Oppdatering på stab

Informasjon

Det er ein ny situasjon når Kyrkjeverje er tilsett i 60% og fortsatt er sokneprest i 40%.

Biskopen / Bispedømerådet har engasjert Kristian Gundersen Mosvold i eit 60% vikariat. Då er prestetenesta dekkja opp. Det var ein føresetnad for at ein kunne støtte dette.

Det er ikkje formelt avklara kven som sit i soknerådet som geistleg representant. Truleg blir Kristian den som møter fast, men prost Rune Stormark kjem nok og til å stille på enkelte møter.

Kyrkjeverje er sekretær i Valle og Hylestad SR / FR, og som sokneprest geistleg representant i Bykle SR/FR.

Kristian Mosvold vil ha hovudansvaret for konfirmantarbeidet.

I Bykle er Ollie Rysstad tilsett i ei 100% stilling som Trusopplærer / Kyrkjelydsarbeidar for eitt år.

Dette trur me blir ei god løysing.

Anne Kirsten Ringstad er tilsett i ei stilling som Rådgjevar, og vil ha ansvar for trusopplæring, kyrkjebokføring og vere rådgjevar for kyrkjeverje.

Stillinga som klokkar / kyrkjetenar i 25% er ledig. Det kom ikkje søkjarar på denne stillinga. Gunveig Kaarvann vil fortsatt hjelpe til, men soknerådet må finne ein veg fram i denne saka.

Astrid Nomeland er fast tilsett i ei 26% stilling som Renholder.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00002

00002 Tilsetting av organist

Informasjon

Kyrkjeverje orienterer om tilsetting av organist

Arbeidsutvala i Valle og Bykle er med i prosessen for å intervju og tilsette kantor / organist / kyrkjemusikar i 100% stilling. 4 personar søkte stillinga. Ein ønskte å vere unnateke offentleggjering. Ei bur i Trøndelag og vart intervjuet på Teams. Ein trekte søknaden før ein fekk gjennomført intervju avtala på Teams. To søkjarar har vore til intervju og prøvespeling for ei utvida gruppe tilhøyrarar. Arbeidsutvala i Bykle og Valle - utvida med Bernt Einar Berntsen skal ha møte denne veka for å kome med ei innstilling til tilsetting.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00003

00003 Økonomisk rapport pr medio august 2024

Informasjon

Me har arbeidd med å få oversikt over SR/FR sin økonomi.

Desse rapportane føreligg:

- Driftsregnskap

- Investeringsregnskap
- Fond kirka status

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00004

00004 Tilsettingsreglement for Valle og Hylestad Fellesråd

Informasjon

KA har utarbeidd eit utkast / mal til tilsettingsreglement for sine medlemsvirksomheter. Arbeidsutvalet vil saman med kyrkjeverja arbeide med ei tilpassing av dette reglementet til Valle og Hylestad FR. Hovedprinsippet her er at Kyrkjeverje blir tilsett i FR etter innstilling frå eit utval - AU eller det Fellesrådet peikar ut til dette. For alle andre faste stillingar er Kyrkjeverja tilsettingsmyndighet. Dette må bli ei sak i FR så snart framlegget er klart.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00005

00005 Verneplan for gravminna i Valle og Hylestad - arbeidet er i gang

Informasjon

Ei gruppe er i gang med arbeidet for å lage ein verneplan for gravminna i Valle og Hylestad. Alfred Ryningen, Knut K Homme, Bjørgulv T Berg, Torbjørg Trydal og Leonhard Jansen. Det er gravplassmyndigheten (FR) som har ansvar for dette arbeidet og AU og Kyrkjeverja vil følge det opp.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00006

00006 Oppfølging av minnelunden

Informasjon

Gudrun Åkre og Toralv Frøysaa Lie har hatt kontakt med statsforvalteren og Hallvard Homme og gått gjennom det som står att for å få godkjent planen. Orientering på møtet.

Ein har fått munnleg godkjenning og går vidare med anbod. Etter planen skal prosjektet vere slutført innan 10. november 2024.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer

03.09.2024

00007

00007 Gravferdsreglement

Informasjon

Samtidig som me arbeider vidare med Minnelunden kan me arbeide med ei oppdatering av gravferdsreglement. Saka blir framlagt i møte, og administrasjonen arbeider med ei sak som skal opp i SR/FR, og ut på høyring.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00008

00008 Grunnmur kyrkjene i Valle og Hylestad, samt kyrkjegardsmur i Valle - kurs planlagt til våren

Informasjon

Øyvind Dalseg skal etter planen arrangere kurs med Eystein Greibrokk som kurshaldar våren 2025. Det blir truleg eit 4 dagars kurs. Det vil vere opent for dei som har høve til å bli med. Kommunen har signalisert at dei kan vere interessert. KVS Bygland har elevar som og kan vere aktuelle kursdeltakarar. Nærare orientering i møtet.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	03.09.2024	00043

00043 Ekstra orienteringssak som kom inn rett før møtet.

Informasjon

Brev inn unnateke offentleggjering

Protokoll: Valle og Hylestad Sokneråd tirsdag 03. september 2024

Navn

Liv Gunn Viki

Dato

2024-09-06

Navn

Kristine Kleiveland

Dato

2024-09-06

Identifikasjon



Liv Gunn Viki

Identifikasjon



Kristine Kleiveland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))